

Referat frå styremøte nr. 7-2024

Dato: 11.12.24

Tid: kl. 08.30-09.20

Stad: Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK), United Future Lab Norway i 6. etasje og Teams.

Til stades frå styret:

Fysisk til stades:

Styreleiar Kenneth Langvatn (ordførar i Giske kommune)

Styremedlem Monica Molvær (varaordførar i Ålesund kommune) *Frå kl. 08.35*

Digitalt på Teams:

Nestleiar Sølvi Dimmen (ordførar i Volda kommune)

Styremedlem Terese Jemtegård Moen (ordførar i Fjord kommune)

Styremedlem Vebjørn Krogseter (ordførar i Haram kommune)

Styremedlem Ann-Kathrin Storøy (ordførar i Herøy kommune)

Styremedlem Håkon Lykkebø Strand (ordførar i Ålesund kommune) *Til kl. 09.13*

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

Andre:

Management Consultant Bjørn Skjelten, Yapril AS (*sak 56/24 – digitalt på Teams*)

Referent:

Vegard Austnes

Sak 55/24: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Vedtak: Styret godkjenner innkallinga og saklista.

Saker til eventuelt var møtedatoar for styret i 2025 (sak 57/24) og tilbakemelding frå Helse Midt-Norge RHF på uttale frå Sunnmøre regionråd (sak 58/24).

Sak 56/24: Tilsetting av ny dagleg leiar for Sunnmøre regionråd

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Styreleiar Kenneth Langvatn, styremedlem Monica Molvær og styremedlem Vebjørn Krogsæter er oppnemnde av styret til arbeidsutval for rekrutteringsprosessen. Langvatn gjekk gjennom tidsaksen i rekrutteringsprosessen. Management Consultant Bjørn Skjelten frå Yapril As gjekk gjennom kandidatprofilen i stillingsutlysinga og presenterte den valde kandidaten.

Styreleiar kommenterte resultatet frå rekrutteringsprosessen og valet av kandidat. Etter dette fekk styremedlemmane ordet.

Vedtak: Styret tilrår at representantskapet tilbyr stillinga som dagleg leiar til Sverre Øvrelid Steen.

Sak 57/24: Møtedatoar for styret i 2025

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal og styreleiar Kenneth Langvatn

Dagleg leiar la fram forslag om styremøter 17. januar, 14. februar, 21. mars og 25. april. Styret bad om at dagleg leiar finn ein annan dato enn 17. januar for styremøte i januar, eventuelt i samanheng med Nyttårskonferansen 9. -10. januar. Dei andre forslaga til møtedato passa.

Sak 58/24: Tilbakemelding frå Helse Midt-Norge RHF

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Styret i Sunnmøre regionråd sende 20.11.24 ein uttale til Helse Midt-Norge RHF om den økonomiske situasjonen i Helse Møre og Romsdal HF. Styreleiar bad om at svaret frå Helse Midt-Norge RHF datert 02.12.24 vert distribuert til styret.

Til slutt i møtet overrakte styreleiar blomar til dagleg leiar Jan Kåre Aurdal og takka han av då dette var siste styremøtet før Aurdal går av med pensjon 01.01.25.